



Volda FrP

Volda kommune  
v/ordføraren  
6100 Volda

Volda 22 jan  
2018

## Grunngjeve spørsmål

Anleggstrafikken til og frå det nye buområdet Håmyra er sterkt sjenerande for dei som bur i Raudemyrvegen, særleg på strekninga frå anleggsområdet og fram til krysset Raudemyrvegen – Lisjenakkvegen. På denne strekninga er vegen smal, og husa er bygde tettare inntil vegen enn lenger nede.

Bebuarane her er sterkt uroa over sterke støy- og støvplager.

Dei er og redde for at det kan kome til farlege trafikktilhøve om ikkje fartsgrensa på strekninga vert nedsett.

Ser ein lenger fram i tid, til bustadfeltet er teke i bruk, vert det gjeve utrykk for sterk tvil om kapasiteten på vegane inn og ut av feltet. Trafikkutfordringane vert ikkje mindre når byggefeltet Urbakkfoten vert etablert.

Eg har to spørsmål til Ordføraren:

Vil ordføraren gjære sitt til at fartsgrensa i Raudemyrvegen fram til Lisjenakkvegen vert senka til 30 km/t?

Er ordføraren trygg på at dei planlagde trafikkløysingar til og frå byggefelta Håmyra og Urbakkfoten vil gje naudsyntt kapasitet og trygg ferdsle både for skuleborn og biltrafikk til og frå byggefelta?

Roald Espset

Volda FrP

Grunngjeve spørsmål frå Roald Espset Frp

## ANLEGGSTRAFIKK KNYTT TIL HÅMYRA

I samband med utbygging av Håmyra viser Espset til sterk støy- og støvplage og om kapasiteten til vegsystemet etter utbygging og stiller to spørsmål:

### **Vil ordføraren gjære sitt til at fartsgrensa i Raudemyrvegen fram til Lisjenakkvegen vert senka til 30 km/t?**

I samband med utbygginga kan det bli aktuelt å setje ned fartsgrensa midlertidig til 30 km/t ved behov. I den samanhengen ønskjer kommunen å vere i aktiv dialog med dei som bur i feltet og med utbyggarane. Slik midlertidig nedsetting kan gjerast av kommunen sjølv.

Permanent nedsetting av fartsgrensa er meir problematisk fordi det krev endring av skiltplan med dei utfordrande saksbehandlingsreglane som gjeld i dei sakene.

### **Er ordføraren trygg på at dei planlagde trafikklysingar til og frå byggefelta Håmyra og Urbakkfoten vil gje naudsyntt kapasitet og trygg ferdsle både for skuleborn og biltrafikk til og frå byggefelta?**

I sakshandsaminga av reguleringsplanen for Håmyra blei det gjort klare politiske vedtak knytt til tryggleik og kapasitet og som førte til utviding av reguleringsområdet, presisering av reguleringsvedtekter og klare rekkefølgekrav knytt til utbygginga. Før til dømes heile Håmyrfeltet kan utbyggast må nemnde veg ha samlevegstandard. Omfattande tiltak skal gjennomførast i vegsystemet på begge sider av Håmyrfeltet slik at vegen også er egna for kollektivtrafikk. Det blir drøfta å gjere vegen om til forkjørsvveg. Dermed meiner eg at både kapasitet og trygg ferdsel er ivareteken gjennom planarbeidet.

No kan det vere at planar ikkje alltid stemmer med kva folk faktisk gjer, uansett må vi dermed følgje med på kva som skjer med faktisk samferdsel og til dømes barn sin ferdsel og gjennomføre nødvendige tiltak. Eg gjer merksam på at i samband med rullering av arealplanen har planavdelinga gjennomført omfattande kartlegging av barn og ungdom sin ferdsel i Volda sentrum og kva som er trafikkfarlege punkt og strekningar. Slik kartlegging med nødvendige tiltak vil vi følgje opp også i framtida.

## Grunngjeve spørsmål

### OFFENTLEG TANNHELSETENESTE - OPPRETTHALDING AV TILBOD.

Volda FrP har registrert at Møre og Romsdal fylkeskommune i sin økonomiplan 2018-2021 vil legge ned den offentlege tannhelsetenesta sitt stadlege tilbod lokalisert i Volda sentrum, og samlokalisere dette i Ørsta.

Samhandlingsreforma har målsetting om koordinerte og heilheitlege pasientforløp, meir førebygging og tidleg innsats, fleire tenester nær der brukarane bur, og at ein større del av tenestene vert levert og utført i kommunene.

Både Stortingsmelding 26 (2014-2015) «Fremtidens primærhelsetjeneste - nærhet og helhet», og Stortingsmelding 14 (2014-2015) «Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner», seier at tannhelsetenesta vil verte overført til kommunene som del av kvar enkelt kommune si helse- og omsorgstenestene. Det vert i første omgang gjort ei forsøksordning knytt til dette i inntil 15 kommuner nasjonalt frå 2020.

Dette gjev Nye Volda høve til å bygge ei heilheitleg og framtidsretta kommunal helse- og omsorgsteneste som fyller funksjonen som grunnmur i pasientane si helseteneste.

Å no gje seg til å flytte denne delen av framtida si helseteneste vekk frå Volda kommune vert då tvillaust å gå bakvendt inn i framtida.

Den offentlege tannhelsetenesta ivaretek omlag 30% av tannhelsetilbodet i Volda, og omfattar gratis lovpålagde tannhelsetenester til born og ungdom, psykisk utviklingshemma, eldre, uføre og andre i institusjon/heimesjukepleie, samt til ungdom 18-20 år og andre pasientgrupper med lovheimla rett til frie tannhelsetenester.

Med bakgrunn i aldersgruppetilbodet er Den offentlege tannhelsetenesta også ein viktig del av Volda sitt samla kommunale helsetilbod til unge studentar ved Høgskulen og elevar ved Volda vidaregåande skule.

Volda kommune har spreidd busetnad og skulestruktur som i sitt mangfald er med på å gjere Volda attraktivt. Dette gjer at store deler av brukarane av tenesta allereie har lang og tidkrevjande reise for å nå tenesta der den er lokalisert i Volda sentrum.

Slik tenesta no er loklisert er den optimalt lokalisert i høve den vesentlege delen av brukarane, m.a. har born og unge på sentrumsskulane stort sett tenesta i gangavastand.

Sentral og nær lokalisering er i stor grad avgjerande for å trygge optimal bruk av tilbodet. Ei flytting av tenesta til Ørsta vil forverre tilgangen vesentleg, svekke bruksferkvens og dermed svekke tannhelsemålsettinga. Ei flytting vil og medføre vesentlege samfunnskostnader knytt til transportbehov, føre til auka fråvære frå undervisning og arbeid, medføre vesentleg auka behov for følgeteneste for brukarar m.m.

Særleg vil dette og råke born, unge og andre i Hornindal som vil verte ein del av brukarane for denne tenesta. Ei flytting vil uten tvil vere ei vesentleg svekking av innbyggjarane i Hornindal sitt samla kommunale tenestetilbod.

Det framstår og som tvillaust at flytting av tenesta vil svekke Nye Volda sitt mangfald, samla tenestetilbod og tiltrekningskraft for høgkompetente arbeidssøkarar m.m..

Tannhelsetenesta vil som nemnt verte ein del av kommunen si samla primærhelseteneste. Primærhelsetenesta er eit av dei viktigaste av kommunen sine samfunnsoppdrag i høve innbyggjarane. I utforminga av framtida si primærhelseteneste er det grunnleggande viktig å følgje opp dei sentrale omgrepa – nærleik og heilheit.

**Eg har desse spørsmåla til Ordføraren:**

- **Kva vil Ordføraren gjære for at slik flytting ikkje finn stad?**
- **Vil Ordføraren legge til rette for at Volda kommune søker om deltaking i den nemnde forsøksordninga knytt til overført tannhelseteneste?**

Volda, 18. januar 2018

---

**Roald Espset sign**  
Volda FrP

Grunngjeve spørsmål frå Roald Espset Frp

#### OFFENTLEG TANNHELSETENESTE – OPPRETTHALDING AV TILBOD

Eg viser til Espset si framstilling av utfordringar ved eventuell nedlegging av den offentlege tannhelsetenesta i Volda og flytting av denne til Ørsta sentrum. Sjølv om det frå fylkeskommunen si side kan vere rasjonelt, vil det klart føre til auka ulempar for brukarane i Volda. Eg vil derfor take kontakt med fylkeskommunen ved fylkesordførar og be om at Volda kommune og dei store utdanningsinstitusjonane i Volda får høve til å uttale seg om saka før endeleg vedtak. Sidan dette er fremma i langtidsbudsjettet som ein moglegheit, er det tvilsamt om fylkeskommunen har gjennomført ei grundig konsekvensvurdering og eg vil be om at dette blir gjort. Når det gjeld tannhelsetenesta, så pliktar fylkeskommunen ut frå kommunelova å gjere konsekvensutgreiing. Dette bør dei ta ansvar for utan at kommunen må bruke eigne ressursar for å gjere ein jobb dei sjølve er ansvarlege for. Om ikkje vil eg likevel kome tilbake med sak til kommunestyret med mandat for og finansiering av ei slik utgreiing i eigen regi. Dette må ein også sjå i samanheng med eventuelt forsøk.

Til spørsmålet om ordføraren vil legge til rette for at Volda kommune søker om deltaking i forsøksordning om kommunal overtaking av den offentlege tannhelsetenesta, så er dette forsøket aktuelt først frå 2020. Då er noverande Volda kommune ein del av nye Volda. Det er fellesnemnda for nye Volda som eventuelt må søke om slik overtaking. Eg vil derfor som nestleiar i fellesnemnda take opp denne saka der.

Jørgen Amdam 23.01.2018

Ordførar